



Den nyrestaurerte fana kom verkeleg til sin rett på stemna.

- Kjempekjekt heila tio, men da va varmt å marsjera i full unniform i dag, var ein av svært mange positive kommentarar frå musikantane i skulemusikken då dei kom tilbake frå korpsfestivalen på Voss søndag kveld.



At det var tid til bading, sette muskantane sjølvsagt pris på i det strålende veret. F.v. ser vi Andrea, Marita og Karoline. Det var ikkje berre muskantane som var fornøgde. Leiarane kunne melde om at alt hadde fungert til punkt og prikk. Dei heldt fram at nok ein gang hadde denne musikargjengen vist oppførsel, godt humør og punktleghet som gjorde helga til ei flott oppleving også for dei.

– Det er berre så kjekt å reisa på tur med denne gjengen! Vi treng ikkje å heva stemmo ein einaste gong, var gjennomgangsmelodien frå leiargruppa.





Aktivitetssløypa var både populær og samlande. Der var lagt inn postar med alt frå hestekokasting til utkledning og sekkeløp



I solsteiken var det behov for pausar. Godt med is og drikke i varmen.

På turen til Voss fekk dei delta i oppmarsjar og spelingar både laurdag og søndag. I tillegg var det variert og



rikholdig aktivitetsprogram der det var lagt vekt på både det sosiale og det musikalske. Svært populær var grillfesten laurdag med innlagt aktivitetsløype. Gøy både for store og små! Og samlande! Etter denne var det konsert der 70-talsmusikk vart framført av Voss Musikklag og Voss skulemusikk saman med vokalistar. Kvelden vart avslutta med labbadans.



At dei hadde lett uninform kom godt med. Den vart brukt på lørdag, men på søndag under hovudstemna var dei iført full uniform.



Kortspel var ein av mange aktivitetar som dei kosa seg med.

Overnattingane var i klasserom på skule. Det gjev og ein sosial gevinst som ein ikkje opplever på hotellrom. Og søvn blei det. Lyset vart sløkt då det skulle vera ro, og då blei det ro. Også eitt døme på at det er greitt av vera turleiar.

Eg trur denne utsegna til meg frå ein av musikantane fortel nok om opplevinga dei hadde av turen. – Du va ikkje med i år du, Thor Inge. Du gjekk jammen glipp av nåke!

Tekst: Thor Inge Døssland

Foto: Gerd Ingunn Bauge og Silje Bråtun.